

# Møteprotokoll

**Utval:** Stølsheimen verneområdestyre  
**Møtestad:** Blix Hotell, Vik  
**Dato:** 20.09.2021  
**Tidspunkt:** 10:00 – 15:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Sigbjørn Hauge	Leiar	Voss herad
Liv-Anne Aanesen	Nestleiar	Modalen kommune
Petter Sortland	Medlem	Høyanger kommune

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Stig Nesbø	Medlem	Vik kommune
Kristina Vaktskjold Hamre	Medlem	Vestland fylkeskommune

## Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Marta Sofie Vange	Stig Nesbø	Vik kommune

## Merknader

Styremøtet vart gjennomført saman med dialogmøte med rådgjevande utval for Stølsheimen.

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Sekretær/verneområdeforvaltar
Jorunn Vallestad	Sekretær/verneområdeforvaltar

## Andre:

Veronika Seim Bech                      Landbrukssjef Vik kommune  
Kristoffer Ullern Hansen              SNO

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet. Møteboka er elektronisk godkjent.

Sigbjørn Hauge

Marta Sofie Vange

## Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 16/21	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 17/21	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 18/21	Orienteringar og referatsaker - viser til sakliste på dialogmøte		
RS 4/21	Kopi - svar på spørsmål om retningslinjer for private gaver og bidrag til forvaltningen av verneområder		2021/489
ST 19/21	Delegerte saker		
DS 6/21	Delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - motorferdsel - helikopter til Alrekstølen		2021/9173
DS 7/21	Stølsheimen landskapsvernområde - Helledalen - istandsetting av bru - motorferdsel - helikopter		2021/1968

### **ST 16/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

#### **Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 20.09.2021**

##### **Vedtak**

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

### **ST 17/21 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**

#### **Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 20.09.2021**

##### **Vedtak**

Marta Sofie Vange vart valt til å skriva under møteprotokoll saman med styreleiar.

### **ST 18/21 Orienteringar og referatsaker**

#### **Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 20.09.2021**

## **Handsaming i møte**

Neste styremøte vart flytta frå 2. desember til 6. desember.

Saker som vart diskutert i dialogmøte med rådgjevande utval (RU):

### Byggeskikk

Møtedeltakarane hadde synfaring til eit naust i Vik. Bygget vart nytta som utgangspunkt for diskusjonen om lokal tradisjonell byggeskikk ved restaurering og istandsetting av bygningar i Stølsheimen. Det vart diskutert korleis stølsmiljø bør takast vare på samtidig som stølshusa får ny bruk i landbruket og til fritidsbruk. Stølshusa er ein viktig del av det heilskaplege kulturlandskapet i Stølsheimen, og bør takast vare på som viktige kulturminne.

Det heilskaplege kulturlandskapet er eit av verneføremåla i Stølsheimen landskapsvernområde. Styret og RU meiner tiltaksmidlane bør kunne nyttast til å støtte opp om grunneigarane sitt arbeid med istandsetting av autentiske stølshus, og vil senda felles brev til Miljødirektoratet der det vert tilrådd å bruka tiltaksmidlar til restaurering av stølsbygningar.

Gjennomgang av skjøtsel på stølar og prosjektet med evaluering av skjøtelsarbeidet  
Nils Kvamme og forvaltarane orienterte om prosjektet Evaluering av skjøtelsarbeid på stølane. Kriteria for prioriteringslista for stølane i Stølsheimen vart lagt fram til diskusjon. Etter at arbeidsgruppa har sett opp ny prioriteringsliste, skal den opp som sak i styret. Styret vil vurdere om lista med kriteria bør sendast på høyring til mellom anna RU.

### Motorferdsel i landbruket

Naudsynt motorferdsel i landbruksnæring er ikkje søknadspiktig etter verneforskrifta. Det har kome spørsmål til forvaltninga om tolking av kvar grensa går for motorferdsel i landbruksnæring.

### Nytt dialogmøte i 2022

Verneområdestyret og rådgjevande utval ynskjer å ha dialogmøte hausten 2022 i Finnabotnen. Alternativ møteplass er Torvedalen.

Innspela i diskusjonane kan lesast i referatet frå dialogmøtet.

## **Vedtak**

Referatsaker vart tatt til orientering.

**RS 4/21 Kopi - svar på spørsmål om retningslinjer for private gaver og bidrag til forvaltningen av verneområder**

**ST 19/21 Delegerte saker**

**Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 20.09.2021**

## **Vedtak**

Delegerte saker vart tatt til orientering.

**DS 6/21 Delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - motorferdsel - helikopter til Alrekstølen**

**DS 7/21 Stølsheimen landskapsvernområde - Helledalen - istandsetting av bru - motorferdsel - helikopter**